

Partiprogram Sogndal Høgre

Helse og omsorg

«Leve heile livet» skal vere retningsgivande for Sogndal Kommune. Sogndal Kommune skal ha eit samfunn som er i stand til å møte dei utfordringane og moglegheitene som er knytt til den aldrande befolkninga.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

Styrkje rekrutteringa ved gi fleire moglegheit til å ta desentralisert sjukepleiar utdanning i Sogndal

Dette vil me få til ved å:

- Jobba for nærleiksprinsippet til lokale tenester, oppretthalda dei lokale legekontora og dei lokale sjukeheimane
- Sikre nok sjukeheims plassar til dei som har behov for det
- Sentrumsnære aldersvenlege bustader for å fremje aktivitet, tryggleik og fellesskap (300 meterssona)
- Tidleg innsats i kvardagsrehabilitering
- Jobba for gode ambulansetenester og kort responstid
- Sikra dagsenter/møteplass for seniorar i samarbeid med frivillige organisasjonar
- Oppretthalda og sikra spisskompetanse på Lærdal Sjukehus
- Styrka og vidareutvikle eksisterande tilbod innan rus og psykiatri
- Unge pleietrengande med forsørgjar ansvar bør ha egne satsar for betaling på institusjon

Oppvekst

Alle born og unge i Sogndal skal ha ein trygg og god oppvekst. Sogndal kommune skal levere gode tenester i barnehage og grunnskule, og vere pådrivar for eit variert tilbod ved dei vidaregåande skulane våre.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- At alle born og unge skal oppleve tryggleik og meistring i barnehage og skule. Det skal være null toleranse for mobbing og utanforskap
- Gode verktøy som MOT for å skape trivsel, tilhøyrse og eit godt opplæringsmiljø
- Å bruke fysiske lærebøker i skulen og redusere skjermbruk blant dei yngste
- Eit fleksibelt fullgodt barnehagetilbod i alle deler av kommunen og tilstrekkeleg kapasitet til rullerande barnehageopptak
- Entreprenørskap som metode skal vere integrert i opplæringa både i barnehage og skule
- Ny permanent barnehage på Kvernhusaugen på Kaupanger
- Styrke ordninga med rullerande barnehageopptak
- Ruste opp skulen på Kaupanger og vurdere moglegheit for fleirbrukshall samlokalisert med skulen

Kultur, idrett og friluftsliv

Eit godt kultur, idrett- og friluftsliv er viktig for innbyggjarane i Sogndal kommune. Sogndal Høgre vil legge til rette for arenaer for både idrett og kultur i heile kommunen.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Kommunal basis- og fleirbrukshall med tribune plassert saman med 1-7 skule i Sogndal sentrum.
- Symjebasseng på Leikanger, plassert i samband med idrettshallen på Saften
- Ny fritidsklubb sentralt i Sogndalsfjøra som erstatning for Solhov
- Ein god kulturskule med eit variert tilbod i alle deler av kommunen
- Etablere nytt utfartspunkt på Øvstestølen for å skape betre tilhøve for friluftaktivitet på Leikanger
- Tur- og sykkelsti frå Hodlekve til Leikanger
- Leggje til rette for snøscooterkøyring i avgrensa område
- Etablere parkering ved utfartspunkt
- Støtte opp om dei frivillige organisasjonane i kommunen
- Gratis fritidskort for born og unge i minst ein fritidsaktivitet
- Alle idrettslaga i kommunen skal likebehandlast og det skal utarbeidast eigen plan for dette
- Halde fram med å utvikle biblioteka som ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Næring

Sogndal Kommune har ei viktig rolle i utviklinga av næringa i kommunen. Sogndal Høgre skal arbeide for å sørgja for at kommunen blir oppfatta som ein positiv medspelar gjennom å møta utviklarar og søkjarar med ein konstruktiv haldning, effektiv saksbehandling, er føreseieleg og kjem med avklaringar tidleg i søknadsforløpet.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Fjerne formueskatt på arbeidande kapital
- Det skal til ei kvar tid vere ledige lokale og næringsareal til å etablera eller ekspandera for næringslivet
- Ha tilgjengeleg areal for grøn industri
- Få på plass kompensierende tiltak ved stenging av Lærdalstunnellen
- Verksemdar i regionen skal behandlast likt innanfor sakshandsaming, anbod og vilkår
- Kommunen skal i størst mogleg grad handla lokalt
- Kommunen skal vera open og tydeleg i kommunikasjon med næringslivet
- Få ned sakshandsamingstida på søknader om tiltak i byggebransjen og overhalde maksfrist for sakshandsaming
- At innbyggjarar og andre interessentar må sikrast tidleg medverknad i utbyggingsprosjekt
- Utvikling av Fjøra
- Utvikling og realisering av planane for Saften i Leikanger
- Utvikling av Holmatunet og sentrum i Balestrand

Samferdsel

Det er avgjerande å ha ein fungerande infrastruktur for at innbyggjarane skal kunna ferdast fritt og trygt samt å gjera kommunen til eit reelt bu- og arbeidsområde.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Utbetra vegen Hella-Leikanger, fleire ferjeavgangar og nattferje i Hella-regionen
- Tunell mellom Kløvhola- Kvåle, med fjellhallparkering under Leite med direkte tilkomst til Sogndal sentrum
- Utvikle kollektivtilbodet i kombinasjon med betre pendlarparkering
- Oppretthalde flytilbodet på Sogndal Lufthamn Haukåsen, jobba for nattstasjonert fly og utvikling av flyplassen
- Arbeida for vidare opprusting av Hemsedalsfjellet og støtte arbeidet for heilårsveg over Vikafjellet
- Ta vare på dei mjuke trafikantane og arbeida for gode gang- og sykkelvegar.
- Arbeide for bru over Esefjorden
- Utbetring av Njøsavegen i Leikanger
- Omlegging av vegen til Sogndal Lufthamn
- Betra vedlikehald på kommunale vegar

Busetjing

Sogndal kommune skal være ein triveleg kommune å kome til og bu i, uansett alder og livssituasjon. Sogndal kommune skal være ein plass for alle og det skal vere attraktivt å velje kommunen som heimstad.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Me skal vere ein JA-kommune, ha tilgjengelege tomtar og ikkje avgrense moglegheit for utvikling
- Det skal leggast til rette for å byggje leilegheitar, rekkehus, einebustader og fritidsbustader i heile kommunen.
- Vi skal leve heile livet. Difor skal Høgre jobba for større valfridom og setje enkelt mennesker i sentrum
- At eigedomsskatten ikkje skal aukast, og me vil arbeide for at denne kan avviklast så raskt som mogleg

Innvandring og integrering

Høgre ynskjer at Sogndal Kommune skal vere ein god og trygg plass å komme til. Me skal leggja til rette for god integrering gjennom praksisopplæring og sysselsetting.

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Sikre god norskopplæring
- Å leggje til rette for nye flyktningar, og leggje til rette for dei som allereie bur i kommunen
- Jobba for at alle får ta formell utdanning slik at ein har moglegheit til å komme seg raskt i arbeid
- Setje fokus på integrering i kvardagen
- Fordela barn med innvandrarbakgrunn i fleire barnehagar og skular for å sikre best mogleg integrering
- At kommunen utarbeidar ein eigen plan for å førebyggja og nedkjempa rasisme og diskriminering

Miljø og klima

Høgre tar det grønne skiftet på alvor og vil legge til rette for ny teknologi og bærekraftige arbeidsplassar. Me vil ha fokus på fornybar energi, og at det skal lønna seg å velja miljøvennleg i dagleglivet. Verdiskapinga skal opp og utsleppa skal ned

Sogndal Høgre vil arbeide for:

- Sikra toalettfasilitetar ved utfartsstadar for friluftsliv og reiseliv
- Ha tilstrekkeleg med avfallsdunkar og godt vedlikehald i alle park og ferdselsområde
- jobba for tiltak som redusera klimautslepp, som til dømes solceller på kommunale bygg.
- Ladestasjonar for tungtransport
- Støtta opp om Simas sitt arbeid om sirkulærøkonomi i Sogn
- Få meir verdiskaping av avfallsressursar